

Øyvind Litangen

Fra: Nina Bakanova [Nina.Bakanova@lindas.kommune.no]
Sendt: 11. februar 2014 13:35
Til: oyvind@kaland-trelast.no
Emne: sak 2013/2984 Gbnr 147/63

Det vert vist til søknad om dispensasjon for riving av eksisterande hytte og etablering av ny bustad, motteke 06.09.2013 og søknad om dispensasjon for legalisering av uthus motteke 17.01.2014.

Før saka kan handsamast vidare, må følgjande avklarast.

1. Det er opplyst i søknaden at ny bustad skal knytast til kommunal vassleidningar. Vi fekk opplysning av Teknisk drift VVA at det ikkje er offentlege leidningar i området. Vi ber om forklaring kva vassforsyning bustaden skal ha.
2. Det er opplyst i søknaden at det skal etablerast minirenseanlegg for kloakk. Det må sendast inn eit kart som viser kor minirenseanlegg skal etablerast og kor utsleppspunkt vert plassert.
3. Det er vist i søknaden at mønehøgde vert 9,5 meter. Vi gjer merksam på at dette er i strid med pbl § 29-4 1.ledd sine krav til møne og gesimshøgde. Både møne- og gesimshøgde skal enten reduserast i forhold til gjeldande krav eller det må søkjast dispensasjon frå pbl § 29-4.

Med helsing

Nina Bakanova
Sekretær
Byggesak
Lindås kommune
nina.bakanova@lindas.kommune.no

_____ Informasjon fra ESET NOD32 Antivirus, versjon av virussignaturdatabase 7524 (20120927)

Meldingen kontrolleres av ESET NOD32 Antivirus.

<http://www.esetscandinavia.com>